

Komikar på besøk.



Komikaren Kristian Arntsen skal leia FestidaGenshowet på lørdag.

Vi var heldige og fekk snakke med Kristian Arntsen. Han er ein kjent morromann og er på Festidalen blant anna for å leia Festidagen- showet på laurdag. Kona hans, Gudrun, er instruktør på filmgruppa.

Festidagbladet: Iris Quam og Frøya Haugland.

Det var veldig kjekt å snakke med Kristian då vi intervjua han :

- Kva heiter du?
- Kristian Arntsen.
- Kor kommer du i fra?
- Eg kommer i fra Egersund.
- Kvifor er du på Festidalen?
- Eg skal lede litt forskjellige program.
- Kva jobbar du som?
- Eg jobbar som komikar, artist og med teater.
- Kva liker du best med å underhalde?
- Å få ungar og vaksne til å le, og at dei er med meg på scenen.
- Kva synest du om programmet på festidalen?
- Det er veldig bra med mykje forskjellig.
- Har du vore med på Festidalen før?
- Nei, det er første gang, men eg vil komme igjen.

- Er det noko spesielt du liker med Uskedalen?
- Ja, eg synest det er fantastisk med fjellene og dei flotte folkene.



Morromann!